

Til

NVE

Uttale ang. kraftutbygging i Hjarthdal kommune – Sauland kraftverk ved Skagerak og Hanfos kraftverk ved Sauland Bygdekraft

Vi underteikna bur i Tuddal, og er sterkt engasjert i utbyggingsplanene til Skagerak for Omnesfossen, Skogsåa og Sønderlandsvatnet.

Vi meiner skadeverknadene, både landskapsmessig og miljømessig er alt for store til at vi kan forsvare å tilrå ei utbygging. Det har vore eit stort engasjement for nei-alternativet. Den framforhandla avtala har imidlertid gjeve kommunestyret mange økonomiske argument, som miljøargumenta har hatt lite å stille opp mot.

Tuddal er ei bygd, som i stor utstrekning lever av turisme. Her er svært få som lever av landbruk, mange er knytt til servicenæringane. Vi har eit godt servicetilbod i bygda i forhold til dei innbyggjarane som bur her, ca 350. Dette er takk vere dei mange hyttene, som blir bruka flittig gjennom året.

Underteikna, Torunn Hovde Kaasa, har i fleire år vore aktiv i eit stort bygdeutviklingsprosjekt, som har eit sterkt fokus på livskvalitet og opplevelsesturisme basert på natur og kultur. Naturen er hovudårsaka til at folk søker til Tuddal, og landskapet skaper attraksjonskraft. Nå står vi i fare for å øydelegge innfallsporten til Tuddal, Sønderlandsvatnet og Skogsåa.

Vi meiner vi er i ferd med å slå ut barnet med badevatnet når eit fleirtal i kommunestyret seier ja til ei utbygging, som vil ha store skadeverknader på landskap og miljø. Dei ressursane er blant dei viktigaste vi har i Tuddal, og vi har nett oppdaga dei. Vi er mange som meiner at kommunestyret ser seg blind på pengar, og overser viktige miljøverdiar. Vi syner i så måte til at det i rapportane blir peika på at det å byggje ut Skogsåa har store negative konsekvensar for landskap, miljø, flora og vegetasjon. Dermed vil det forringe naturopplevingar og viktige leveområde for fleire raudlisteartar.

Underteikna, Håvard Kaasa, kommunestyrerepresentant, kom med følgjande framlegg i kommunestyret i dag, onsdag 13.4., dette fall i prøvevotinga, men fekk 4 av 17 stemmer da, og blei trekt til fordel for mindretalsforslaget i hovudvotinga.

”Underteikna gjer framlegg om at Hjarthdal kommune ikkje går inn for utbygging i denne omgang, med desse grunngjevingane:

Prosjekta omfattar vassdrag som allereie er regulert, ja, men som i dag kan oppfattast som uregulert og må ikkje forringast ytterlegare.

Utbyggingane er i konflikt med kommunale planar og strategiar.

- Hjarthdal kommune skal vere turist- og opplevingskommune.